

NORGES BONDELAG



Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep.
0032 OSLO

Vår sakshandsamar
Amund Johnsrud
+47 97 54 18 42

Vår dato
17.12.2014
Dykkar dato
24.10.2014

Vår referanse
14/01120-22
Dykkar referanse
14/7802-

Endringar i lov om Innovasjon Norge. Høyringsvar frå Norges Bondelag

Vi har mottatt forslag til endringar i lov 19. desember 2003 nr 130 om Innovasjon Norge. Saka er behandla i styret til Norges Bondelag 10. desember d. å. Vi har desse kommentarane til forslaget:

Selskapsform

Norges Bondelag støttar Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sin konklusjon om å vidareføre Innovasjon Norge (IN) som eit særlovselskap, framfor å endre det til eit statsforetak eller statsaksjeselskap. IN er ein viktig reiskap for å iverksetje offentleg politikk ikkje minst innanfor landbruk og næringsutvikling i distrikta. Vi meiner dagens selskapsform er godt eigna til å ivareta desse føremåla.

Som påpeika i høyringsnotatet sikrar særlovsmodellen samtidig ein god balanse mellom styresmaktenes behov for styring av selskapet opp mot INs sjølvstende, til dømes i møte med internasjonale partnerar.

Eigarstruktur

Norges Bondelag går inn for at dagens modell for eigarskap til Innovasjon Norge vert vidareført, der staten eig 51 prosent og fylkeskommunane/Oslo kommune eig 2,6 prosent kvar, samla 49 prosent.

Dagens eigarskapsmodell har hatt ein positiv og samordnande effekt på det regionale utviklingsarbeidet i fylka, og medverka til forankring av INs verksemd hos fylkeskommunen som regional utviklingsaktør, og motsett. Den delte eigarskapen poengterer at IN er både statens og fylkeskommunens reiskap for næringsutvikling.

Forslaget om å la to fylkeskommunar vere med å eige IN på vegner av dei andre fylkeskommunane støttast ikkje.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Postboks 9354 Grønland 0135 OSLO	Besøksadresse: Landbrukets Hus, Schweigaardsgate 34 C 0191 OSLO	Tlf: 22 05 45 00	E-post: bondelaget@bondelaget.no
Norges Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05.12891 Bankkonto:: 8101.05. 91392	Internett: www.bondelaget.no

Vår dato
17.12.2014

Vår referanse
14/01120-22

Selskapets verkemidler

Norges Bondelag er samd i departementets forslag om å fjerne infrastruktur frå føremålslista, sidan dette er oppdrag som primært går til Siva SF. Det bør likevel vere ei opning for at IN skal kunne finansiere slike tiltak etter nærare reglar.

Leiing av selskapet.

Norges Bondelag vil behalde lovkravet om regionale styre slik dette er formulert i gjeldande §§ 13, 14 og 17. Lovfestinga av eit regionalt styrenivå vil vere meir forpliktande for dei miljø og organisasjonar som rekrutterer til regionstyra, enn deltaking i eit mogleg kontaktforum etablert som ein alternativ arena til regionstyret.

Når det gjeld landbruket spesielt, har Norges Bondelag gitt si støtte til dagens modell der dei bedriftsretta investeringsmidlane i jordbruksavtala er lagt inn som ein del av INs portefølje, og vert forvalta av selskapet etter nærare retningslinjer frå partane i jordbruksoppgjøret. Denne modellen er basert på føresetnaden om at faglaga i jordbruket (Norges Bondelag/Norsk bonde- og småbrukarlag) er representerte i IN ute i regionane, sidan desse praktisk handterer dei tilskots- og låneordningane det er snakk om. Vi meiner den representasjonen vert ivaretatt i tråd med intensjonen gjennom deltakinga i eigne styre for INs regionar, slik tilfellet er i dag. Overgang til eit mindre forpliktande kontaktorgan i regionen, kan svekke legitimiteten og innsikta til IN som forvaltar av investeringsmidlane i landbruket. Det vil vere negativt, både for landbruket som næring og for IN som organisasjon.

Eigaranes innskot og ansvar

For di Norges Bondelag ønskjer å halde på lovfestinga av kravet til regional organisering inkludert ordninga med regionale styre, vil ein overgang frå modell med solidarisk ansvar til ansvarsmodell etter Lov om statsføretak/Aksjelov, ha som vilkår at den nye modellen lar seg sameine med dette lovkravet.

Samansetjing av hovudstyret. Valnemnd

Hovudstyret i IN bør framleis ha minst 6 eigarrepresentantar fordi det både skal femne breidda i det norske næringslivet og sikre ein god regional representasjon. INs særigne rolle og føremål samanlikna med allmennaksjeselskap forsvare denne skilnaden frå lovkravet i til dømes Aksjeloven.

Norges Bondelag ønskjer å halde på formuleringane i loven om valnemnd og vararepresentantar sentralt og i regionane. Vi meiner dette er viktig for å sikre at det ligg føre klare og opne føringar for prosessane fram til val av styre, slik at samarbeidspartnarar til IN innan næringsliv og offentleg forvaltning kan fremje forslag på representantar til hovudstyret og regionstyra.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Per Skorge

Amund Johnsrud